

KVEN GÅR STATEN OG MONOPOLA SITT ÆREND?

I synet på Samskipnaden og den økonomiske politikken til Staten finn vi att de to linene som alltid har prega studentpolitikken: Ei line som krev kamp mot staten og monopolkapitalen, og ei line som vik unna for staten og preikar varsemd. Å vinne fram i kampen vil ikkje minst bli eit spørsmål om brot med denne siste lina, den lina staten for all del ønskjer vi skal følge.

DKSF og AUF

Det eine hovudargumentet vi møter er at «vi alle har eit ansvar» og at studentane må syne ansvaret sitt som «arbeidsgjevarar». DKSF skriv i MiniMinerva.

»Studentane bør vera budd på offer for at dei lågtlønna mellom dei tilsette skal få rimeleg løn.»

Sjølvsagt stor vi krava frå dei tilsette. Men DKSF påstår altså at det er studentane som kan sikre dette, medan studentane som ein veit korkje har inntekter eller makt til å gjere det. Ein kan jo berre sjå på det faktiske tilhøvet at omsetninga berre går ned når prisane blir sette opp. Slikt kan ikkje sikre noko som helst. Det er kvalmande å sjå korleis ein organisasjon som sjølv stammar frå og er knytt til kapitalistklassen, kan stå fram å krevje at studentfleirtalet skal «ofre seg». Dette studentfleirtalet er sjølv økonomisk utbytta. Når DKSF rettar krav til det, tyder det at dei vil at både studentar og arbeidarar skal få svi, medan staten utan vidare går

fri. DKSF står ope i teneste hos staten og monopolkapitalen og prøver rette merksamda bort frå dei og over på studentane.

Likeeins med AUF. Desse reaksjonære Bjartmar-allierte er ikkje opptekne av anna enn å føre ut den rotne utdanningspolitikken til DNA-regjeringa. Såleis skal dei syne at dei er verdige til å få feite bein i den borgarlege staten etter studie tida. Dei er difor ikkje særleg ivrige etter å trekkje denne staten til ansvar heller.

Studentane kan berre vente seg fiendskap frå slike borgarar.

Grønt Gras

Grønt Gras har og synt oss kven dei vil solidarisere seg med i denne saka: Ingen ringare enn staten og monopolkapitalen. (som dei visstnok skal vere imot, enda om dei knapt nokon gong tør gje dei deira rette nemningar). Men å gå mot husleigestreik, det er det same som å krevje at studentane skal punge ut

for at staten plyndrar Sam-
skipnaden gjennom rentar og av-
gifter. Og det staten tener, blir det
visseleg lite «jamvektssamfunn» ut
av! Det «radikale» Grønt Gras vil
altså sleit ikkje slåss mot den reak-
sjonære staten. Enda staten her nyt
godt av heilt andre «privilegium»
enn studentane nokon gong vil
gjere. Praksis kan seie meir enn
tusen vakre ord.

SV — ned på rett side?

Det har kome betre tonar frå SV i
det siste, etter at fleire og fleire har
slutta opp om kampen mot ut-
sveltingspolitikken, m.a. gjennom
husleigestreiken. SVarar reysta til
dømes mot husleigestreik på Kring-
sjå, men no kjem andre SVarar i
DNS og seier at SV «inntil vidare»
stør dei som streikar, t.o.m. på
deira eigne vilkår. Dette er positive
saker.

Problemet vil no vere å få SV til å
yte konsekvent støtte. Da held det
ikkje når SV seier dei ikkje kan
arbeide for støtte til streiken i
Studenttinget, enda om de kan det
frå talarstolen i DNS! Dei har heller
ikkje gjort det grann for å kjempe
mot at Samskipnaden går vidare
fram på konkursferda, og dei har
godteke budsjettet med prisauker.
Eit ferskt nummer av *Underveis*
(SV-avisa med 1 nr. i året) har ikkje
eitt ord om saka, og *Universitas* er
nesten på line med *Minerva*: null
kamp og mykje skral.

«Det nyttar ikkje å kjempe»

Dette er det andre hovud-
argumentet ein møter, eit årvisst
omkvede i den borgarlege kapitula-
sjonsvisa. DKSF og AUF har alltid
meint at studentane skal leggje all
sin vilje om ikkje i hendene på
monarken, så hjå dei ansvarlege
organar som staten og partia (Høgre
og DNA). Det gjeld å lite på dei, så
skal nok prisauker bli kompensert

gjennom lån og stipend ... Men
fleire dr med økonomisk forverring
syner klart at vi aldri har vunne
noko på å lite på staten. Dei årlege
krisebudsjetta i Samskipnaden har
vore verket til DKSF og AUF. Og
dei har røyndeg gjort vordt verre!
Likevel har SV gått god for
demagogien og vågar ikkje ta opp
kampen. Likevel driv dei og lappar
saman kriseprodukta i von om at
dette vil hjelpe. Men kriser i kapital-
ismen kan ikkje lappast saman med
«soffern» frå dei som blir utbytta. For
kommunistar er det store
problemet at krisa råkar studentar
og tilsette. Vi må difor føre ein
kamp mot at krisa fell på oss, ein
kamp for å velte ho over på staten
og monopolkapitalen. Dette er
ikkje ein kamp for å bære på krisa,
slik SV ser ut til å tru. Det er ein
defensiv kamp for å vere levakara
våre mot krisa. Difor er kamp alltid
nandsynt, det er det einaste vi kan
ty til.

Det er rett at det ikkje nyttar å
kjempe for at Samskipnaden kan bli
ein krisefri «velferdsorganisasjon»
når den driv som no. Og det lyt ein
heller ikkje drøyme om, SV! Men
like så klart er det at det nyttar å
kjempe for at krisa skal falle på
staten, dvs. gjennom løyvingar til
drifta. Og her kan vi ikkje gå ut frå
kva vi trur staten «vil gje eller ikkje
gje». Arbeidarar kan heller ikkje ta
omsyn til kva verksemda deira «vil
gje» når dei stiller krav. Utgangs-
punktet må vere kva studenter og
tilsette har behov for og ikkje noko
anna.

DKSF har avslørt at det dei bryr
seg om, er kven som skal vedta
forverring og kor stor ho skal bli.
Det er berre borgarar som kan
bruke tida si til å regulere og
administrere krisa for stat og mono-
polkapital, medan massane krev
aksjonar.

Dette lyt og SV bite merke i.